

Ruth Krossli
Århusvegen 1
3870 Fyresdal

06.11.2024

Fyresdal kommune
Plan og teknikk
3870 Fyresdal

Dispensasjonssøknad.

Eg vil med dette søke om forlenging/ fornying av dispensasjonssøknad gjeven av Fyresdal formannskap 14.03.2007, dykkar saksreferanse 07/00134, dispensasjon frå arealplanen til Fyresdal kommune. Dispensasjonen frå 2007 gjeld frådelling av 2 hyttetomter på eigedomen Sitje gbnr 39/3.

Subsidiært søknad om dispensasjon frå arealplanen til Fyresdal kommune for å skilje ut ei hyttetomt, tomt nr 1, ved Bjåstøyl på gbnr ~~38~~³⁹/3.

Grunnen for at eg søker om dette nå er at eg er blitt enke, og skal overdrage garden vidare til barnebarnet mitt Sverre Lien. Han er son til eldste dottera mi Inette Lien som har odel på garden.


Den eine tomte (tomt nr 5) er skilt ut og bygd på av son min Jørn Helge Krossli. Den andre, tomt nr 1 er ikkje utskilt. Eg vil skilje den ut nå i samband med overdraging av garden, slik at dotter mi Elin Krossli skal få seg ei hyttetomt i same området. Det var det som var føremålet med dispensasjonen gjeve i 2007, at dei to borna som ikkje skulle ha garden, skulle ha kvar si hyttetomt. Men det blei ikkje aktuelt å dele frå den eine tomte før nå då eg skal overdrage garden.

Då eg ville skilje ut den siste tomte nå, fekk eg opplyst frå Fyresdal kommune om at den gjevne dispensasjonen frå 2007 ikkje var gyldig lenger for den tomte som ikkje var fråskilt.

I brev frå Fyresdal kommune frå 2007 med melding om positivt vedtak, står det ingen ting om at dispensasjonen går ut om ein ikkje iverksett tiltaket innan 3 år. Vi blei ikkje opplyst om dette frå Fyresdal kommune den gong, om at vi måtte skilje ut tomtene innan ei viss tid. Det blei då forstått som at dispensasjonen var evigvarande, og at vi kunne skilje ut den siste tomte ved behov.

Håpar på positivt svar på søknaden, slik at eg kan skilje ut den eine attverande tomt nr 1.

Med venleg helsing


Ruth Krossli

Vedlegg: -kopi av kart med tomt

-kopi av brev frå Fyresdal kommune av 30.04.2007